



Hjelp konfirmantane å hjelpa på tirsdag.

**Tirsdag mellom kl.17.30 og 19.30 vil hustandane i bygda få besøk av årets konfirmantkull. Då vert den årvisse fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp avvikla, og dei 11 kjekke konfirmantane tar seg av innsamlinga her i bygda samstundes som andre konfirmantar dekkar sine bygder.**

Reint vatn er heilt sentralt for å overleva, og det er det stort behov for i mange land i verda. Mange har vore sterkt ramma av tørke. Det siste året har Kirkens Nødhjelp gitt reint vatn til mellom anna flyktningar i Sør-Sudan, Nord-Irak og Syria, flaumoffer i Malawi, tørkeråka i Etiopia og offer for jordskjelv i Nepal. Med å delta i innsamlingsarbeidet tirsdag hjelper konfirmantane menneske frå dei ulike kriseområda. De kan lesa meir om dette arbeidet som Kirkens Nødhjelp gjer ved å [klikka inn her](#).

Det er Svanhill Haugland, Møyfrid Kristoffersen og Ove Myhre frå soknerådet som leiår innsamlingsarbeidet her i bygda, og dei 11 konfirmantane vil verta fordelt på ruter slik at bygda skal dekkast best mogeleg på dei to timane. Det er svært ønskjeleg og nødvendig at ein del foreldre stiller og hjelper til med skyss. Etter innsamlinga vert det chips og brus til konfirmantane medan ein av soknerådsmedlemmene transporterer bøssene til banken for oppteljing.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland